

Astrid Lindgren

Astrid Lindgren er svensk.
Ho har laga Pippi.
Pippi er verdas sterkaste jente.
Pippi eig eit hus.
Pippi har ei kiste med gull.
Pippi har ein hest.
Pippi har ein ape.
Pippi har 2 vener.
Dei heiter Tommy og Annika.



Kven har skrivi historia om Pippi?

Kva eig Pippi?

kven leikar Pippi med?

I kva land bur Pippi?

Astrid Lindgren



Astrid Lindgren er ein svensk forfattar.
Ho har skrive mange kjende bøker.
Historia om Pippi fann ho opp
då dottera var sjuk i 1941.
Pippi Langstrømpe er kjend over heile verda.

Pippi er verdas sterkaste jente.
Ho bur i eit hus som vert kalla Villa Villekulla.
Her bur Pippi berre saman med hesten og apen sin.
Hesten heiter Lille Gubben. Apen heiter Herr Nilsson.
Pippis to vener heiter Annika og Tommy.
Pippi er rik.
Ho har ei kiste full av gull.

Kven har skrive om Pippi?

I kva år vart Pippi funnen opp?

Kva eig Pippi?

Kven bur Pippi saman med?

Kven leikar Pippi med?

I kva land bur Pippi?

Astrid Lindgren



Astrid Lindgren er ein svensk forfattar.

Ho har skrive mange bøker.

Hennar historier om Pippi, Emil og Karlson på taket er kjende over heile verda. Historia om Pippi fann Astrid Lindgren opp då dottera Karin var sjuk og kjeda seg i 1941. I år 2025 er det 80 år sidan boka vart skriven og gjeven ut. Pippi Langstrømpe er kjend over heile verda. Bøkene om Pippi er omsette til 65 ulike språk.

I bøkene om Pippi kan vi lese om ei jente som bur åleine, utan mora og faren sin, i eit stort hus. Huset vert kalla Villa Villekulla. I huset bur Pippi saman med hesten og apen sin. Hesten heiter Lille Gubben. Apen heiter Herr Nilsson. Pippi er verdas sterkaste jente. Ho har bursdag 21. mai 1945. Pippis to vener heiter Annika og Tommy.

Pippi er rik. Ho har ei heil kiste full av gullmyntar. Pippi er ei morosam og kreativ jente. Ho oppfører seg ikkje alltid slik andre barn gjer!

Kva heiter forfattaren som har skrive historia om Pippi?

I kva år vart boka om Pippi skriven?

Kva eig Pippi?

Kven leiker Pippi med?

I kva land bur Pippi?

Bruk internett og finn ut kvifor Pippi har bursdag 21/5.